

Hordaland Fylkeskommune

Søknad om støtte til arrangementet, Hordabø Skulemusikklag

Hordabø Skulemusikklag har dei siste 2 åra, i tillegg til vanleg korpsdrift, framført 4 ulike show laga av dirigent Stein Paulsen.

"ABBA show", "Ein hyllest til livet og kjærleiken", "Dansegalla", og no sist "A Night At The Opera".

Ideen bak showa er samspel, speglede og musikk på tvers av generasjonar .

Lokale sang -og musikk-krefter er inviterte med, og det sosiale og musikalske "resultatet" av dette har vorte svært populært.

På oppmoding frå mange ulike hald, er det no ynskje om ny oppsetjing av showet "A Night At The Opera", som samla 300 nøgde tilskodarar i Hordabøhallen, mars 2017.

Styret har bestemt søndag 29. Oktober 2017 som dato for ny framsyning.

Framsynings-staden vert Hordabøhallen.

Hordabø Skulemusikklag vil med dette søkja Hordaland Fylkeskommune om støtte til arrangementet, kr. 20.000,-

Summen dekker kostnader med lys/ lyd/eventuell leige lokale o.s.b.

52 store og små lokale "stjerner" er klare til ei sosial, musikalsk og positiv oppleveling for store og små.

Det vert til slutt presisert at korpset ikkje nytta inntekt frå show som økonomisk grunnlag for drifta av korpset.

Show er laga for å halda på borna i korpset, og gje dei musikalsk ballast.

Samspel er grunnlag for alle korps, og showa har gjeve gode grunnlag for nettopp dette.

Hordabø Skulemusikklag har sine driftsinntekter frå basarar , adventslotteri, kulturmidlar frå kommunen etc.

Med ynskje om snarlig, positiv handsaming.

Med helsing

HSML styreleiar

Vibeke Namtvedt